
Saksnr: 2020/71396-12
Saksbehandlar: Matti Torgersen
Dato: 26.01.2021

Til: Hovudutval for samferdsel og mobilitet

Frå: Fylkesdirektør for infrastruktur og veg

Forlenging av Askøypakken - Vidare prosess

Fylkesdirektøren viser til RS-sak7/2020 «Askøypakken - Status og moglegheit for vidareføring av pakken 12. januar 2021. Her vart det orientert om at fylkesordførar har sendt førespurnad til Samferdselsdepartementet om å kunne forlengje Askøypakken med inntil 5 år for å kunne finansiere restporteføljen i pakken. Førespurnaden er sendt etter initiativ frå Askøy kommune. Sjå RS-saka [HER](#).

Samferdselsdepartementet sitt svar ligg føre i brev datert 12. januar 2021 som følgjer vedlagt. Det går her fram at departementet legg til grunn at det vil vere mogleg å søkje om forlenging. Grunnen er at prinsippvedtaket vart gjort før innstramming i regleverket for porteføljestyrt bompengepakker som vart gjort gjennom brev frå Samferdselsdepartementet 20 mai 2019. Det blir likevel understreka i brevet at det ikkje er teke ei endeleg avgjersle i saka.

Fylkesdirektøren har hatt møte med Vegdirektoratet for å avklare kva for krav som vert stilte til søknad om forlenging av pakka. Møtereferatet følgjer vedlagt. Vegdirektoratet viser til statlege retningsliner for bompengeprojekt. Det går fram at det må utarbeidast eit fagleg grunnlag for ein ny søknad med oppdatert trafikkgrunnlag, skildring av prosjektportefølje, finansieringsanalyse og takst- og rabattstruktur. Denne må handsamast både av kommunestyret og av fylkestinget, og det må liggje føre likelydande vedtak. Fylkestinget må i tillegg gjere vedtak om garanti for bompengelån.

Etter vedtak i kommunestyret og fylkesting, skal fylkeskommunen utarbeide eit utkast til stortingsproposisjon. Denne og øvrig grunnlag for bompengesøknaden skal etter dette kvalitetssikrast av Vegdirektoratet, før saka vert sendt til departementet for framlegging for Stortinget. Det kan vere aktuelt at pakka også må gå til ekstern kvalitetssikring (KS2). Det er grunn til å tru at det vil ta minimum eit år før saka kan leggast fram for Stortinget.

Fylkesdirektøren har vore i dialog med Askøy kommune om vidare saksgang. Det tidlegaste aktuelle tidspunktet for å fremje ein søknad til handsaming i kommunestyre og fylkesting vil vere i juni 2021, avhengig av det vert semje om kriterium for vidareføring av bompengeprojektet.

Fylkesdirektøren vil halde hovudutval for samferdsel og mobilitet orientert om framdrifta i saka.